

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

26/2353-14

14. september 2026

Avgjerd i sak om grensejustering mellom kommunane Alver og Modalen, alternativt Masfjorden

Vi viser til brev frå Statsforvaltaren i Vestland 9. mars 2026 med statsforvaltaren si utgreiing og tilråding i sak om grensejustering mellom kommunane Alver og Modalen, alternativt Masfjorden kommune.

Vedtak

Det er Kongen som har avgjerdsmynd til å gjere vedtak om justering av grenser mellom kommunar, jf. lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 6. Denne avgjerdsmakta er delegert til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD), jf. delegeringsvedtak 30. august 2019 nr. 1096.

Kommunal- og distriktsdepartementet vedtar at kommunegrensa mellom kommunane Alver og Modalen, alternativt Masfjorden kommune, ikkje blir justert. Området som utgjer gamle Romarheim-Urdal skulekrins (Indrefjorden) blir verande i Alver kommune.

Eit vedtak om grensejustering er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova (fvl.) § 2 første ledd bokstav c, jf. Ot.prp. nr. 41 (2-21) punkt 5.1. Det same gjeld avgjerd om ikkje å gjennomføre ei grensejustering. Departementet si avgjerd i denne saka er derfor endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningsloven § 28 første ledd.

Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestland fekk 12. juli 2021 ein søknad om utgreiing av grensejustering frå innbyggjarar i Indrefjorden i Alver kommune. Innbyggjarane søkte om at det skal setjast i gang utgreiing av justering av kommunegrensa mellom Alver og Modalen kommunar, slik at området gamle Romarheim – Urdal skulekrins (Indrefjorden) blir liggande i Modalen kommune. Alternativt søkte dei om at området blir grensejustert til Masfjorden kommune.

Ifølgje statsforvaltaren budde det 124 personar i det aktuelle området sommaren 2025, der 99 av personane er over 18 år. Det aktuelle området er opplyst å utgjere om lag 135 km².

Søknaden frå innbyggjarane er mellom anna begrunna med at ei grensejustering vil snu utviklinga som har vore over fleire år. Søknaden viser konkret til at området har bruk for arealplanar som tillet og fremmar desentralisert utbygging av bustader, næringsbygg og anlegg. Søkarane ønsker distriktpolitiske verkemiddel, som til dømes investeringsstøtte og redusert arbeidsgivaravgift. Andre moment frå søknaden er: likskap i natur, kultur og livsvilkår, likearta ressursar som kan utviklast, likearta utfordringar, kortare veg til kommunesenter og skule utan bompengar.

Statsforvaltaren vurderte saka og tok avgjerd om ikkje å sette i gong ei utgreiing, jf. brev 25. januar 2022. Statsforvaltaren fekk tre klagar på avgjerda. Statsforvaltaren har vurdert klagane, og opprettheld si avgjerd. Klagane vart sendt Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) for endeleg avgjerd i saka, jf. inndelingslova § 9 første ledd, jf. forvaltningsloven kapittel VI. Departementet vurderte at saka burde greiast ut, og Statsforvaltaren i Vestland fekk 6. mai 2024 i oppdrag frå KDD å utgreie grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune, for området som utgjer gamle Romarheim Urdal skulekrins (Indrefjorden).

KDD mottok statsforvaltaren si utgreiing og tilråding 9. mars 2026.

Som ein del av statsforvaltaren si utgreiing av saka, gjennomførte Opinion AS på vegne av statsforvaltaren ei innbyggjarundersøking per telefon for innbyggjarar i området som fylte 18 år i 2025 og eldre, med postnummer 5994 Vikanes. Totalt svarte 62 av 99 personar, ein svarprosent på 63 prosent. 48 prosent svara at dei ønskjer å bli ein del av Modalen kommune. 47 prosent ønskjer å bli verande i Alver kommune. Tre prosent ønskjer å bli ein del av Masfjorden kommune. 2 prosent hadde inga meining om saka.

Fråsegner

Statsforvaltaren har motatt informasjon får kommunane om eventuelle konsekvenser av ei grensejustering. Statsforvaltaren sendte og saka på høyring til dei involverte kommunane, fylkeskommunen og Kartverket 18. september 2025. Høyringa inneheldt ei oppsummering av fakta som kommunane hadde sendt inn, og resultata frå innbyggjarundersøkinga. Innstillinga frå statsforvaltaren var ikkje del av det som blei sendt på høyring.

Vestland fylkeskommune har ikkje uttala seg i saka. Fylkesdirektøren skriv i notat til Fylkesutvalet 1. desember 2025 at saka tas til orientering. Kartverket har opplyst statsforvaltaren 18. desember 2025 om at høyringsbrevet er gjennomgått og at Kartverket ikkje har merknadar til saka.

Fråsegner frå kommunane

Alver kommune gjorde følgjande vedtak i kommunestyret 18. desember 2025 sak PS 165/2025: «*Faktagrunnlaget som ligg føre på noverande tidspunkt gjer det umogleg å*

vurdere dei totale faglege og økonomiske konsekvensane av ei grensejustering for Alver kommune sin del. Alver kommune meiner at det bør gjennomførast ei grundigare konsekvensutgreiing og dersom Statsforvaltaren tilrår grensejustering i si utgreiing til departementet.»

Modalen kommune gjorde følgjande vedtak i kommunestyret 30. oktober 2025, sak 73/2025: *«Modalen kommune vil vere positiv til at det vert gjennomført ei grundig utgreiing av konsekvensane ved ei eventuell grensejustering. Vi meiner vidare at det er avgjerande at slike prosessar er godt forankra i lokaldemokratiet, og at innbyggjarane sine behov og tilknytingar vert vektlagde. Men hovudargumentet for ei grensejustering må vere at det vert lagt til rette for ei løysing som styrkjer innbyggjarane sin lokale tilhørigheit og tenestekvalitet.»*

Masfjorden kommune gjorde vedtak i kommunestyret 30. oktober 2025. Kommunen er positiv til å ønskje nye innbyggjarar velkommen til kommunen, og beskriv i vedtaket korleis nye innbyggjarar kan handterast av kommunen. Samstundes går det fram av vedtaket at Masfjorden kommune forstår det slik at valet syntes å stå mellom grensejustering med Modalen eller å fortsette i Alver.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren vurderar at faktagrunnlaget i saka er godt nok til å kunne gje ei tilråding til departementet, sjølv om fråsegnene frå dei involverte kommunane er prega av at konveksensane av ei grensejustering enno framstår som uklare.

Statsforvaltaren skriv at han ikkje kan sjå at ei grensejustering framstår som formålstenleg gitt etablerte mønster for bruk av tenester, handelstilbod og kommunikasjon på tvers av dagens grenser. Statsforvaltaren meiner vidare at dei gjennom utgreiinga ikkje kan sjå at det kjem fram opplysningar som tilseier at tenestetilbodet blir monaleg meir tilgjengeleg eller betre for hovudtyngda av innbyggjarar og næringsdrivande i området. Statsforvaltaren kan heller ikkje sjå at avstandar til viktige tenester og naturleg arbeidsmarknad blir særleg påverka den eine eller andre vegen gjennom ei grensejustering, då utgreiinga visar at dette er avhengig av kor i området innbyggjarane bur.

Statsforvaltaren meiner utgreiinga og innbyggjarundersøkinga ikkje har avdekt nye tilhøve som tilseier at ei grensejustering gir nokon garanti for ønskt utvikling og meir formålstenlege tenester og forvaltning for innbyggjarane i området. Statsforvaltaren peiker på at ei grensejustering ikkje er det mest nærliggande verktøyet å bruke for å bøte på dei nemnte utfordringane, men at desse må løysast gjennom andre verkemiddel.

Rettslege utgangspunkt

Ei grensejustering inneber at eit område blir flytta frå ein kommune til ein annan, jf. inndelingslova § 3 tredje ledd. Kongen har kompetanse til å gjere vedtak om grensejustering mellom kommunar, jf. inndelingslova § 6. Kongen kan òg gjere vedtak når ein eller fleire av

dei aktuelle kommunane er usamde i forslaget om grensejustering. Kongen sin kompetanse er i vedtak av 30. august 2019 delegert til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Inndelingslova gir ingen konkrete vilkår eller kriterium for kva som skal inngå i departementet si vurdering av ei grensejusteringssak. Inndelingslova § 1 angir lova sitt formål, og gir overordna rammer for departementet sitt skjønn, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000–2001). Etter inndelingslova § 1 skal kommuneinndelinga skje «innanfor ramma av det nasjonale fellesskap», «sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning» og «skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning». Vidare går det fram av denne paragrafen at «verksemda etter denne lova skal bygge på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar». Departementet har rom for eit vidt skjønn i vurderinga av om grensane skal justerast eller ikkje, og bygger si avgjerd på ei konkret og heilskapleg vurdering av alle relevante moment.

I tidlegare saker er grensejusteringar først og fremst nytta for å tilpasse kommunegrensene til eksisterande samhandlingsmønster og bruk av kommunale tenester, og på den måten legge til rette for ei meir formålstenleg ramme for innbyggjarane sine daglegliv både praktisk og demokratisk. Grensejusteringar bør innebere reelle forenklingar og forbetringar i kvardagen til innbyggjarane.

Departementet si vurdering

Kommunal- og distriktsdepartementet har vurdert initiativet om grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune, med utgangspunkt i statsforvaltaren si utgreiing. Departementet har og hatt møter med kommunane. Kvar grensejusteringssak har sin eigenart som må vurderast konkret.

Som vist til over, har Opinion AS på vegne av statsforvaltaren gjennomført ei innbyggjarundersøking for dei direkte berørte innbyggjarane. 66 av 99 innbyggjarar svarte. Innbyggjarane er delte i spørsmålet om området bør tilhøyre Modalen (48 prosent) eller Alver (47 prosent) kommune. Med det jamne resultatet frå høyringa, vurderer departementet at det ikkje er gitt eit tydeleg svar frå innbyggjarane om grensejusteringa bør gjennomførast eller ikkje, anna enn at Masfjorden kommune ikkje er eit ønskt alternativ.

Utgreiinga viser at Alver kommuner per i dag ikkje kjøper kommunale tenester frå andre kommunar for innbyggjarar i dette området innanfor tenesteområda helse og omsorg eller oppvekst. Innbyggjarundersøkinga viser vidare at dei fleste innbyggjarane (84 prosent) vanlegvis nyttar kommunale tenester i Alver kommune. Innbyggjarundersøkinga viser også at dei fleste innbyggjarane (85 prosent) vanlegvis handlar i Alver kommune. 60 prosent av innbyggjarane i området nyttar også vanlegvis kultur- og fritidstilbod i Alver kommune, ifølgje innbyggjarundersøkinga. Vidare viser utgreiinga at avstandar til skule og kommunesenter vil variere ved ei grensejustering, avhengig av kor i det aktuelle området innbyggjarane bur. For nokon vil ei grensejustering innebere kortare reiseveg, mens det for andre vil innebere lenger reiseveg. Departementet meiner det går fram av saka at innbyggjarane i all hovudsak har

tilknytning og geografisk tilhøyrlgheit til Alver kommune i sin bruk av kommunale tenester og i sitt daglegliv generelt, og at ei grensejustering ikkje vil gi reelle forenklingar i hovudtyngda av innbyggjarane sin kvardag.

Departementet støttar elles statsforvaltaren si vurdering av at problemstillingar knytt til utvikling i området bør søkjast løyst gjennom andre verkemiddel enn gjennom ei grensejustering.

Departementet avgjer etter ei heilskapleg vurdering at kommunegrensa mellom kommunane Alver og Modalen, alternativt Masfjorden kommune, ikkje blir justert.

Med helsing

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Lise Wilhelmsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Kartverket
Vestland fylkeskommune

Adresseliste

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5732	MODALEN
Statsforvalteren i Vestland	Statens hus, Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER